

# Saksprotokoll

Kommunestyret

22.10.2020

Sak: 50/20

**Tittel:** Saksprotokoll - Reguleringsplan Galden Nord - omregulering plan-ID 2017004. 2. gongs handsaming. Godkjenning.

**Arkivsak:** 19/229

## Behandling:

Kåre Hønsi reiste spørsmålet om habilitet for representanten Knut Hauge.

Etter ei nærare vurdering vart Knut Hauge sagt ugild av kommunestyret, grunna slektskap til tiltakshavar i ein av endringane i planen.

Framlegg frå Kåre Hønsi: Industrifelt F vert redusert ned til opphavelig adm. forslag og tilleggsarealet på 80-90 m<sup>2</sup> vert friområde. Framlegget fekk ei røyst(KH).

Plan- og forvaltningsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

## Vedtak:

«I medhald av reglane i § 12-12 i plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre reguleringsframlegg for Galden Nord, plan-ID 2017004, sist datert 02.09.2020, som detaljreguleringsplan for området.

Vedtaket medfører at fylgjande reguleringsplanar for området vert oppheva:

- Galden Nord, plan-ID 1987002 – inkludert endringar med same plan-ID.
- Galden nord – ballbane, plan-ID 2009010
- Hillestad traktorservice, plan-ID 2016005»